



DET KONGELEGE
ARBEIDS- OG INKLUDERINGSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 65

(2007–2008)

Om trygdeoppgjøret 2008

Innhald

1	Innleiing.....	5	Vedlegg		
			1	Tabellar	16
2	Drøftingane med organisasjonane om regulering av grunnbeløpet....	6	2	Protokoll fra møtet 14. mai 2008 mellom representanter for staten og representanter fra Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen i Norge, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund, Unio og Akademikerne for å gjennomgå rapporten Om grunnlaget for inntektsoppgjørene 2008 av 4. april 2008 fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene	22
3	Verknader av framlegget til pensjonsregulering	8	3	Protokoll fra drøftingene mellom Regjeringen og Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen i Norge, Unio, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund og Akademikerne om regulering av grunnbeløpet i folketrygden fra 1. mai 2008	23
4	Nærare om utviklinga i grunnbeløp og løner dei seinare åra	9			
5	Skattereglane for pensjonistar i 2008	10			
6	Krigspensjonering.....	11			
7	Avtalefesta pensjon.....	11			
8	Pensjonstrygda for sjømenn	11			
9	Ytingar til yrkesretta attføring	11			
10	Nærare om auken i minstepensjonane	12			
11	Mindreutgifter til andre ytingar frå folketrygda	13			



St.prp. nr. 65

(2007–2008)

Om trygdeoppgjeret 2008

*Tilråding frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet av 6. juni 2008,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

Regjeringa gjer med dette framlegg om å regulere grunnbeløpet (G) og særtillegget i folketrygda med verknad frå 1. mai 2008, samt å heve nivået på tilleggspensjonen som unge uføre er garanterte. Regjeringa gjer framlegg om å auke løyvingar på statsbudsjettet for 2008 som følgje av dette.

Trygdeoppgjeret for 2008 har vore drøfta i møte 27. og 28. mai 2008 mellom Regjeringa og Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen i Noreg, Unio, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund og Akademikerne.

Regjeringa gjer framlegg om at grunnbeløpet blir auka med 3 444 kroner frå 66 812 kroner til 70 256 kroner frå 1. mai 2008. Det gjennomsnittlege grunnbeløpet aukar då med 5,5 prosent frå 2007 til 2008, noko som svarer til venta lønsvekst for lønstakarar i alt for same periode.

Partane blei samde om ein plan for å trappe opp minstepensjonen til einslege pensjonistar slik at han frå 1. mai 2010 utgjer to gonger grunnbeløpet. Første steget i denne planen er å heve den ordinære satsen for særtillegget frå 79,33 prosent til 94 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2008. Satsen blir deretter trappa vidare opp til 97 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2009 og til 100 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2010. Når opptrappinga er fullført, vil minstepensjonen til einslege pensjonistar vere to gonger grunnbeløpet. Ektepar der begge er minstepensjonistar har òg ordinær særtilleggs-

sats, og får difor full nytte av opptrappinga av særtillegget.

I samsvar med dette gjer Regjeringa framlegg om at den ordinære satsen for særtillegget skal vere 94 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2008.

Partane blei samde om å finansiere auka særtillegg frå 1. mai 2008 ved å nytte etterslepet knytt til alders-, uføre-, og etterlatnepensjonar frå trygdeoppgjeret i fjor. Den vidare opptrappinga av særtillegget er berekna å gi 113 mill. kroner i meirutgifter i 2009, 354 mill. kroner i 2010 og 386 mill. kroner i 2011 i akkumulerte beløp, med det grunnbeløpet som er foreslått. Regjeringa vil kome med framlegg om løyvingar til den vidare opptrappinga i åra framover i samband med dei ordinære statsbudsjetta.

Ved å nytte etterslepet knytt til alders-, uføre- og etterlatnepensjonar frå fjorårets trygdeoppgjer til ein ekstraordinær auke i særtillegget, vil det stå igjen eit etterslep knytt til andre ytingar som blir regulerte med grunnbeløpet. Regjeringa vil så snart som mogeleg gjere framlegg for Stortinget om korleis denne verdien skal førast tilbake til dei aktuelle ordningane innanfor ei provenynøytral ramme.

I trygdedrøftingane blei partane samde om å betre ordninga med garantert tilleggspensjon for unge uføre. Ordninga omfattar personar som er fødte uføre eller som har blitt uføre før dei har fylt 26 år. Desse får i dag medrekna framtidige pensjonspoeng med minst 3,30 for kvart år, sjå folkestrygdlova § 3-21. Partane blei samde om å heve dei framtidige pensjonspoenga til 3,50 frå 1. mai 2008.

Departementet gjer framlegg om naudsynnte lov-
endringar i Ot.prp. nr. 64 (2007-2008).

Meirutgiftene ved å heve pensjonspoenga til
3,50 utgjer om lag 270 mill. kroner på årsbasis.
Regjeringa gjer her framlegg om å auke løyvinga til
tilleggspensjon med 180 mill. kroner for 2008.
Dette kjem i tillegg til verknaden av auken i grunn-
beløpet.

Etter framlegga aukar pensjonane til einslege
minstepensjonistar frå 1. mai 2008 med 16 476 kro-
ner til 136 296 kroner per år. For ektepar der begge
er minstepensjonistar aukar pensjonen med 31 896
kroner til 251 496 kroner per år. Pensjonen til
einslege unge uføre aukar med 14 112 kroner til
173 532 kroner per år.

Dei samla meirutgiftene i folketrygda for 2008
som følgje av framlegga blir om lag 7 294 mill. kro-
ner. I tillegg kjem auka utgifter til statspensjonane
som følgje av høgare grunnbeløp frå 1. mai 2008, jf.
St.prp. nr. 68 (2007-2008) Om lønnsregulering for
arbeidstakere i det statlige tariffområdet 2008 m.v.

Den økonomiske ramma for trygdeoppgjeret
er fastsett etter Stortingets retningslinjer. Det er
lagt til grunn ei venta inntektsutvikling frå 2007 til
2008 på 5,5 prosent. Vidare er det teke omsyn til
avviket mellom den venta og reelle inntektsutvik-
linga frå 2006 til 2007 på 0,65 prosent.

Partane blei samde om ei fordeling innanfor
den økonomiske ramma der ein i år nyttar noko av
midlane til å heve minstepensjonane. Samstundes
bidreg staten med midlar til å trappe opp minste-
pensjonen dei komande to åra, og til å betre ord-
ninga for unge uføre. Løysinga er såleis ei samla
pakke som har ein god sosial profil som gir dei
med dei lågaste pensjonane eit særskilt løft. Andre
pensjonistar får ein noko mindre auke i pensjonane
i år enn om heile ramma hadde vore nytta til å heve
grunnbeløpet.

Den løysinga partane har blitt samde om, inne-
ber eit historisk løft for minstepensjonistar og unge
uføre. Regjeringa vil i denne samanhengen fram-
heve det gode og konstruktive samarbeidet med
organisasjonane. Partane er medvetne om at regu-
leringa av grunnbeløpet i år ikkje fullt ut er i tråd
med Stortingets retningslinjer. Regjeringa tilrår at
Stortinget gjer eit unntak frå retningslinjene i år.
Partane er samde om at retningslinjene for regule-
ringa av grunnbeløpet skal leggjast til grunn ved
oppgjeret i 2009.

2 Drøftingane med organisasjonane om regulering av grunnbeløpet

Etter retningslinjene for trygdeoppgjeret som Stor-
tinget vedtok 28. mai 2003, jf. Innst. S. nr. 223
(2002-2003), skal grunnbeløpet bli regulert ut frå

- eventuelle avvik mellom den venta og reelle
inntektsutviklinga siste året
- venta inntektsutvikling i reguleringsåret
- ei vurdering av om det er grunnlag for å ta om-
syn til «særlege tilhøve».

I trygdeoppgjeret i 2007 blei det lagt til grunn at
lønene til lønstakarane i alt auka med 4,75 prosent
frå 2006 til 2007. I rapporten frå Det tekniske
berekningssutvalet for inntekstoppgjøra av 4. april
2008 er lønsveksten for lønstakarar i alt frå 2006 til
2007 rekna til 5,4 prosent. Det er dermed eit avvik
mellom den forventta og den reelle lønsveksten frå
2006 til 2007 på 0,65 prosentpoeng. Ein har ikkje
funne grunnlag for å korrigere lønsveksten frå
2006 til 2007 som følgje av «særlege tilhøve».

I Revidert nasjonalbudsjett 2008 er venta løns-
vekst for lønstakarar i alt frå 2007 til 2008 sett til 5,5
prosent. Ein har heller ikkje funne grunnlag for å
korrigere denne som følgje av «særlege tilhøve».

Kravet frå organisasjonane og tilbodet frå sta-
ten i trygdeoppgjeret 2008 er refererte under.

Kravet frå organisasjonane

«Norsk Pensjonistforbund, Landsorganisasjo-
nen i Norge (LO), Funksjonshemmedes Felles-
organisasjon (FFO), Samarbeidsforumet av
funksjonshemmedes organisasjoner (SAFO),
Unio, Yrkesorganisasjonens Sentralforbund
(YS) og Akademikerne heretter kalt «organisa-
sjonene» viser til at det fra Arbeids og Inklude-
ringsdepartementets side er blitt varselet at
trygdeforhandlingene for 2008 avholdes 27. og
28. mai 2008.

Organisasjonene fremmer med dette føl-
gende krav:

1. Etterregulering av grunnbeløpet

Grunnbeløpet i forbindelse med trygde-
oppgjøret 2007 ble oppregulert slik at pen-
sjonistene fikk en årsvekst på 4,75 %. I følge
rapport nummer 1 - 2008 fra Det tekniske
berekningssutvalget for inntekstoppgjørene,
var lønsveksten for alle grupper under ett
fra 2006 til 2007 på til 5,4 %. På denne bak-
grunn mener organisasjonene at det forelig-
ger et etterslep på 0,65 %. Det fremmes der-
for krav om oppjustering av årsinntekten
2007 med samme prosent.

2. Regulering av grunnbeløpet

Organisasjonene viser til Innstilling S nr 223 (2002 – 2003) om vurdering av retningslinjer for trygdeoppgjøret der det blant annet fremkommer at: «Siktemålet for Regjeringa skal være å gi pensjonister med folketrygdpensjon ei inntektsutvikling minst på linje med utviklingen for yrkesaktive.» Regjeringens eget anslag for årslønnsvekst for alle grupper fra 2007 til 2008 er på omlag 5 ½ prosent, slik det fremkommer i revidert nasjonalbudsjett for 2008. Vi kjenner til resultatet av lønnsoppgjøret i privat sektor som har en ramme på 5,6%. Videre kjenner vi til det anbefalte forslag i statlig sektor med en ramme på godt over 6 %.

Retningslinjer for reguleringen av grunnbeløpet slår fast at pensjonister med folketrygdpensjon skal ha en inntektsutvikling minst på linje med de yrkesaktive. Organisasjonene er opptatt av at «minst på linje med» må bety at enkelte oppgjør må innebære en regulering som ligger noe over utviklingen for de yrkesaktive.

På bakgrunn av det ovenfor stående, mener organisasjonene at forholdene ved årets oppgjør ligger til rette for et noe høyere tillegg enn Regjeringens anslag for lønnsveksten.

På bakgrunn av dette krever vi en oppregulering av grunnbeløpet på 5,8%.

3. Tillegg for de med spesielt lave pensjoner

Organisasjonene er særlig opptatt av minstepensjonistenes og unges uføres økonomiske situasjon og levekår.

Organisasjonene viser til at det ved fjorårets trygdeoppgjør var enighet mellom partene om en protokolltilførsel vedrørende en prosess mellom staten og organisasjonene om levekårssituasjonen for hhv. minstepensjonister og unge uføre. Dette for å «kartlegge utviklingen i levekår og inntekt og vurdere mulige tiltak for disse gruppene som grunnlag for Regjeringens ordinære budsjettforhandling».

Organisasjonene viser videre til at et bredt stortingsflertall bestående av både regjeringspartiene og store deler av opposisjonen i innstillingen om trygdeoppgjøret 2007 understreket «viktigheten av at partene ble enige om en protokolltilførsel som innebærer at staten og organisasjonene i samarbeid skal kartlegge utviklingen i levekår og inntekt og vurdere mulige tiltak for disse gruppene som grunnlag for Regjeringens ordinære budsjettbehandling».

Da Regjeringens forslag til statsbudsjett for 2008 ble fremlagt ble det imidlertid bare

kort redegjort for kontakten som etter trygdeoppgjøret og Stortingets behandling av dette har vært mellom partene. Forslag til tiltak ble verken fremmet eller varslet. Prosessen er etter hva organisasjonene forholder seg til fortsatt ikke avsluttet.

Organisasjonene krever derfor:

- En økning av særtillegget for minstepensjonistene til 0,85G slik at ny minstepensjon blir 1,85G med en opptrapping til 1,98G innen 2010.
- En økning av unge uføres tilleggspensjon med 0,7 pensjonspoeng, fra dagens nivå på 3,30 pensjonspoeng til 4,00 pensjonspoeng.»

Tilbudet frå staten

«Statens tilbud i trygdeoppgjøret 2008 tar utgangspunkt i at Regjeringen vil foreslå for Stortinget en opptrappingsplan av minstepensjonen til enslige pensjonister slik at den fra 1. mai 2010 utgjør to ganger folketrygdens grunnbeløp. Samtidig foreslås en styrking av ordningen med garantert tilleggspensjon til unge uføre. Tilbudet forutsetter at etterslep fra fjorårets trygdeoppgjør knyttet til alders-uføre- og etterlattepensjoner benyttes til å finansiere en ekstraordinær økning i folketrygdens minstepensjon til enslige pensjonister. Øvrig etterslep tilbakeføres til de aktuelle stønadsordningene. Økningen i folketrygdens grunnbeløp baseres på forventet lønnsvekst fra 2007 til 2008.

Forventet lønnsvekst fra 2007 til 2008 anslås til 5,5 prosent, jf. anslaget for lønnsveksten for lønnstakere i alt i Revidert nasjonalbudsjett 2008. Gjennomsnittlig grunnbeløp økes med 5,5 prosent fra 2007 til 2008. Dette innebærer at grunnbeløpet øker med 3 444 kroner fra 66 812 kroner til 70 256 kroner med virkning fra 1. mai 2008.

Avviket mellom forventet lønnsvekst lagt til grunn i trygdeoppgjøret 2007 på 4,75 prosent og faktisk lønnsvekst på 5,4 prosent fra 2006 til 2007, settes til 0,65 prosent. Det vises til rapporten fra Det tekniske beregningsutvalget for inntektsoppgjørene av 4. april 2008 Om grunnlaget for inntektsoppgjørene 2008.

Deler av etterslepet på 0,65 prosent benyttes til å øke det ordinære særtillegget i folketrygden fra 79,33 prosent av grunnbeløpet til 94 prosent fra 1. mai 2008. Minstepensjonen for enslige pensjonister øker således med 16 476 kroner til 136 296 kroner pr. år. For ektepar der begge er minstepensjonister øker pensjonen med 31 896 kroner til 251 496 kroner pr. år.

Basert på disse forutsetningene vil Regjeringen i tillegg foreslå følgende for Stortinget:

1. En videre opptrapping av det ordinære særtillegget, ved at det settes til 97 prosent frå 1. mai 2009 og 100 prosent frå 1. mai 2010, slik at folketrygdens minstepensjon for enslige utgjør to ganger grunnbeløpet etter at opptrappingsplanen er gjennomført.
2. En styrking av ordningen med garantert tilleggspensjon til unge uføre, ved at nivået på antatte framtidige pensjonspoeng for unge uføre økes frå 3,30 til 3,50 med virkning frå 1. mai 2008. Det innebærer at personer med garantert tilleggspensjon til unge uføre får en økning på 14 112 kroner til 173 532 kroner pr. år i forbindelse med årets trygdeoppgjør.

Ved å benytte etterslep knyttet til alders-, uføre- og etterlattepensjoner frå fjorårets trygdeoppgjør til en ekstraordinær økning i folketrygdens særtillegg, vil det gjenstå etterslep knyttet til de øvrige G-regulerte ytelsene. Regjeringen vil fremme et forslag for Stortinget så snart som mulig med sikte på å tilbakeføre denne verdien til de aktuelle ordningene innenfor en provenynøytral ramme. Det vil særlig være aktuelt å heve minsteytelsene.

Når etterslepet fra fjorårets trygdeoppgjør holdes utenfor den ordinære grunnbeløpsjusteringen i 2008, vil overhenget i grunnbeløpet inn i 2009 være lavere enn det ellers ville vært. Ved trygdeoppgjøret 2009 legges derfor til grunn et overheng som om etterslepet fra trygdeoppgjøret 2007 ble benyttet til en ordinær grunnbeløpsøkning i 2008. Det vil si at overhenget fra trygdeoppgjøret 2008 og inn i 2009 er 1,97. For øvrig skal Stortingets retningslinjer for reguleringen av grunnbeløpet i folketrygden legges til grunn ved oppgjøret 2009.»

Protokollane frå eit førebuaende møte 14. mai 2008 og frå drøftingane 27. og 28. mai 2008 følgjer som vedlegg til proposisjonen.

I drøftingane mellom staten, Norsk Pensjonistforbund, Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner, Landsorganisasjonen i Noreg, Unio, Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund og Akademikerne blei det semje om å leggje tilbodet frå staten til grunn for oppgjøret.

Dette inneber at:

- Grunnbeløpet aukar med 3 444 kroner frå 66 812 kroner til 70 256 kroner frå 1. mai 2008. Det gir ein vekst i grunnbeløpet på gjennomsnittleg 5,5 prosent frå 2007 til 2008.

- Satsen for det ordinære særtillegget blir auka frå 79,33 prosent til 94 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2008. Pensjonane til einslege minstepensjonistar aukar med 16 476 kroner til 136 296 kroner per år. For ektepar der begge er minstepensjonistar aukar samla pensjon med 31 896 kroner til 251 496 kroner per år. Ein minstepensjonist som er gift med ein tilleggspensjonist kan òg få høgare pensjon. Grunnen er at ekteparet samla skal vere sikra tilleggspensjon og særtillegg minst svarande til to gonger den ordinære satsen for særtillegget.
- Det ordinære særtillegget blir trappa vidare opp til 97 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2009 og til 100 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2010.
- Ordninga med garantert tilleggspensjon for unge uføre fødte etter 1940 blir betra ved at medrekna framtidige pensjonspoeng blir heva frå 3,30 til 3,50 frå 1. mai 2008. Pensjonen til einslege unge uføre aukar med 14 112 kroner til 173 532 kroner per år.

Akademikerne og Unio har ein protokolltilførsel der dei mellom anna viser til at desse organisasjonane lenge har kravd ein opptrapping av minstepensjon til to gonger grunnbeløpet, men at dette skal takast over statsbudsjettet. Dei legg til grunn at Stortingets retningslinjer må bli følgt ved reguleringa i 2009.

3 Verknader av framlegget til pensjonsregulering

Meirutgiftene ved framlegget om å auke grunnbeløpet med 3 444 kroner og satsen for ordinært særtillegg til 94 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2008 blir på om lag 7 114 mill. kroner, jamført med reglar og satsar før 1. mai 2008. I tillegg må løyvingane til tilleggspensjon som følgje av at ordninga for unge uføre blir betra, aukast med om lag 180 mill. kroner i 2008.

Vidare kjem auka utgifter til statspensjonistane frå 1. mai 2008, jf. St.prp. nr. 68 (2007-2008) Om lønnsregulering for arbeidstakere i det statlige tariffområdet 2008 m.v.

Tabell 3.1 viser utviklinga av minstepensjonane og pensjonane for unge uføre fødte etter 1940 frå 1. mai 1992 etter framlegget til pensjonsregulering.

Tabell 3.1 Utviklinga av minstepensjonane og pensjonane for unge uføre i perioden 1.05.1992 - 30.04.2009. Kroner.

	Minstepensjon				Unge uføre fødte etter 1940	
	Einslege		Ektepar		Pr. år	Pr. md.
	Pr. år	Pr. md.	Pr. år	Pr. md.		
1.05.92-30.04.93	58 583	4 882	94 752	7 896	87 096	7 258
1.05.93-31.12.93	59 868	4 989	96 816	8 068	88 992	7 416
1.01.94-30.04.94	59 868	4 989	101 088 ¹	8 424 ¹	88 992	7 416
1.05.94-31.12.94	61 116	5 093	103 200	8 600	90 852	7 571
1.01.95-30.04.95 ²	61 512	5 126	103 992	8 666	90 852	7 571
1.05.95-30.04.96	63 372	5 281	107 136	8 928	93 600	7 800
1.05.96-30.04.97	66 240	5 520	111 984	9 332	97 836	8 153
1.05.97-30.04.98 ³	69 360	5 780	117 456	9 788	101 412	8 451
1.05.98-30.04.99 ⁴	81 360	6 780	140 040	11 670	108 252	9 021
1.05.99-30.04.00	84 204	7 017	144 912	12 076	112 032	9 336
1.05.00-30.04.01	88 032	7 336	151 512	12 626	117 132	9 761
1.05.01-30.04.02	92 100	7 675	158 520	13 210	122 544	10 212
1.05.02-30.04.03	97 140	8 095	167 208	13 934	129 252	10 771
1.05.03-30.04.04	101 964	8 497	181 200 ⁵	15 100	135 660	11 305
1.05.04-30.04.05	105 408	8 784	190 248 ⁶	15 854	140 244	11 687
1.05.05-30.04.06	108 852	9 071	199 512 ⁷	16 626	144 828	12 069
1.05.06-30.04.07	112 788	9 399	206 712	17 226	150 060	12 505
1.05.07-30.04.08	119 820	9 985	219 600	18 300	159 420	13 285
1.05.08-30.04.09 ⁸	136 296	11 358	251 496	20 958	173 532 ⁹	14 461

¹ Heving av sats for særtillegget for ektepar frå 1.01.1994. Ny sats 2 x 60,5 pst. av grunnbeløpet, dvs. dobbelt av ordinær sats og ny minstesats.

² Heving av sats for særtillegget frå 1.01.1995. Ordinær sats utgjorde 61,55 pst. av grunnbeløpet.

³ Heving av sats for særtillegget frå 1.05.1997. Ordinær sats utgjorde 63,2 pst. av grunnbeløpet (minstesats 57,5 pst.).

⁴ Heving av sats for særtillegget frå 1.05.1998. Ordinær sats er 79,33 pst. av grunnbeløpet, medan minstesats er 74 pst. av grunnbeløpet.

⁵ Grunnpensjonen for ektepar auka frå 0,75 G til 0,8 G frå 1.05.2003.

⁶ Grunnpensjonen for ektepar auka til 0,825 G frå 1.05.2004.

⁷ Grunnpensjonen for ektepar auka til 0,85 G frå 1.05.2005.

⁸ Det er gjort framlegg om å heve ordinær sats for særtillegget til 94 pst. av grunnbeløpet frå 1.05.2008.

⁹ Det er gjort framlegg om å heve medrekna framtidige pensjonspoeng for unge uføre frå 3,30 til 3,50 frå 1.05.2008.

Kjelde: Arbeids- og velferdsdirektoratet

4 Nærare om utviklinga i grunnbeløp og løner dei seinare åra

Tabell 4.1 viser utviklinga i grunnbeløpet og i inntektene før skatt for pensjonistar i folketrygda og lønstakarar i perioden 2002 - 2007. Dei fleste pensjonistane har inntekter i tillegg til pensjonsinntekta. Utviklinga i desse inntektene er ikkje med her.

Pensjonane til den einskilde aukar til vanleg tilsvarande veksten i grunnbeløpet. Gjennomsnittleg pensjon har auka med meir enn grunnbeløpet. Dette kjem av at pensjonistane i aukande grad har tent opp tilleggspensjon. Pensjonane for ektepar og sambuande auka sterkare enn grunnbeløpet i

åra 2003-2006. Årsaka er at grunnpensjonen for ektepar og sambuande auka frå 0,75 G til 0,8 G frå 1. mai 2003, til 0,825 G frå 1. mai 2004 og til 0,85 G frå 1. mai 2005. Den siste endringa fekk heilårsverknad i 2006.

Som det går fram av tabellen, er den gjennomsnittlege auken i grunnbeløpet og pensjonane for dei einslege minstepensjonistane i perioden 2002-2007 på 4,4 prosent, som er 0,2 prosentpoeng meir enn tilsvarande utvikling for lønstakarar i alt i same tidsrom. For ektepar og sambuande med minstepensjon var veksten sterkare av di grunnpensjonen blei trappa opp.

Den historiske utviklinga av pensjonane med vidare går fram av tabellane i vedlegget til proposi-

Tabell 4.1 Utvikling i grunnbeløpet, minstepensjonane, gjennomsnittleg alders- og uførepensjon og inntekta for lønstakarar. Prosentvis endring frå året før og gjennomsnittleg endring per år 2002 - 2007.

	2002	2003	2004	2005	2006	2007	Endring per år 2002-2007	Endring 2002-2007
Grunnbeløp	5,2	5,1	3,9	3,3	3,5	5,38	4,4	23,1
Minstepensjon for einslege	5,2	5,1	3,9	3,3	3,5	5,38	4,4	23,1
Minstepensjon for ektepar/sambuande	5,2	7,4	6,1	4,9	4,0	5,38	5,5	31,0
Alderspensjon i gjennomsnitt ¹	6,2	6,6	5,4	4,8	4,8	6,48	5,7	31,5
Uførepensjon i gjennomsnitt	7,0	6,7	3,3	3,9	3,7	5,42	5,0	25,1
Lønstakarar i alt	5,7	4,5	3,5	3,3	4,1	5,4	4,2	22,6
Industriarbeidarar i NHO- området	5,0	3,5	3,6	3,4	3,6	5,5	3,9	21,2
Statstilsette	5,9	4,3	3,7	3,4	4,5	5,1	4,2	22,8
Kommunetilsette	6,0	4,4	3,8	3,4	4,1	4,8	4,1	22,0

¹ Gjennomsnittleg pensjon er rekna ut frå rekneskapen.

Kjelde: Det tekniske berekningsutvalet NOU 2008: 10 og Arbeids- og velferdsdirektoratet.

sjonen. Dei viser mellom anna utviklinga av minstepensjonane frå 1970 både i nominell og reell verdi. Det går fram at minstepensjonen har hatt ein særleg sterk realvekst. Dette heng saman med at satsane for særtillegget er trappa opp gjennom åra. Denne utviklinga vil halde fram dei neste åra som følgje av planen for opptrappinga av særtillegget som partane blei samde om i trygdeoppgjeret i år.

5 Skattereglane for pensjonistar i 2008

Dei særlege skattereglane som gjeld for pensjonistar i 2008 er i hovudsak ei vidareføring av skattereglane frå 1992.

Alderspensionistar - særfrådrag

Frå og med den månaden skattyteren fyller 70 år, får ho eller han eit særfrådrag i inntekta. I 2008 utgjer fullt særfrådrag 1 614 kroner per måned, dvs. 19 368 kroner for heile året. Skattytarar som etter fylte 67 år har teke ut alderspensjon etter § 19-6 i folketrygdlova, har òg rett til eit slikt særfrådrag. Skattytarar mellom 67 og 70 år som ikkje har teke ut full alderspensjon, til dømes på grunn av avkorting av alderspensjon mot arbeidsinntekt for dei som er mellom 68 og 70 år, får særfrådraget avkorta. Særfrådraget blir gitt i allmenn inntekt, dvs. inntekta som ligg til grunn for utrekninga av felles-, kommune- og fylkesskatt.

Pensjonistar med avtalefesta pensjon (AFP) har ikkje rett til særfrådrag.

Uførepensionistar - særfrådrag

Skattytarar som får førebels uførepensjon etter folketrygdlova § 12-16, tidsavgrensa uførestønad eller uførepensjon av di arbeidsevna er varig nedsett med minst to tredelar, skal i 2008 ha eit særfrådrag i inntekta på 1 614 kroner per måned, dvs. 19 368 kroner for heile året. Er arbeidsevna nedsett med mellom halvdelen og to tredelar, skal skattyteren ha eit halvt særfrådrag. Særfrådraget blir gitt i allmenn inntekt.

Minstefrådraget for pensjonsinntekter

Når skatten skal reknast ut, blir løsinntekter og pensjonsinntekter reduserte med eit minstefrådrag. I 2008 utgjer minstefrådraget for pensjonsinntekter 26 prosent av inntekta, men maksimalt 56 100 kroner. Til samanlikning er minstefrådraget for løsinntekter på 36 prosent av inntekta, men maksimalt 67 000 kroner.

Trygdeavgift

Satsen for trygdeavgift på pensjonsinntekt mv. i 2008 er 3 prosent. Til samanlikning er trygdeavgift på løsinntekt 7,8 prosent.

Særskild skatteavgrensingsregel

Det gjeld ein særskild skatteavgrensingsregel som sikrar at pensjonistar mv. med låg inntekt og formue ikkje skal betale skatt. Denne regelen inneber at skattytarar som har rett til fullt særfrådrag etter reglane som er nemnde ovanfor, og som ikkje mottek tidsavgrensa uførestønad, ikkje skal betale skatt når nettoinntekta (allmenn inntekt minus

minstefråndrag pluss ev. formuestillegg) er under 104 600 kroner for einslege og 171 500 kroner for ektepar. Ved utrekninga av nettoinntekta skal ein leggje til 1,5 prosent av nettoformue over 200 000 kroner.

Skatteavgrensinga som følgje av skatteavgrensingsregelen blir trappa ned med inntekta. Dette skjer ved at trygdeavgift og felles-, kommune- og fylkesskatt skal setjast til 55 prosent av den allmenne inntekta som overstig dei skattefrie grensene. Skatteavgrensingsregelen skal nyttast når denne regelen gir lågast skatt. Den særskilde skatteavgrensingsregelen blir ikkje nytta ved fastsetjing av toppskatt eller skatt på formue.

Skatteavgrensingsregelen gjeld òg for skattyttarar som har overgangsstønad, etterlatnepensjon eller avtalefesta pensjon (AFP).

6 Krigspensjonering

Staten dekkjer utgiftene til krigspensjon etter lov 13. desember 1946 nr. 21 om krigspensjonering for militærpersonar (§ 19) og lov 13. desember 1946 nr. 22 om krigspensjonering for heimstyrkepersonell og sivilpersonar (§ 25).

Under kap. 660, post 70 Tilskott militære og post 71 Tilskott sivile, er det for 2008 løyvd respektive 215 mill. kroner og 517 mill. kroner.

Etter ei tilleggslov av 29. juni 1951 nr. 34 skal krigspensjonane regulert like mykje som statspensjonane, dvs. i takt med grunnbeløpet i folketrygda. Krigspensjonane blir samordna med pensjonar frå folketrygda. Auken i særtillegget vil gi auka samordningsfråndrag for ein del krigspensjonistar. For 2008 blir det rekna med meirutgifter på 3 mill. kroner til krigspensjoneringa for militærpersonar og 8 mill. kroner til krigspensjoneringa for heimstyrkepersonell og sivilpersonar.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga under kap. 660 Krigspensjonering med 11 mill. kroner for 2008.

7 Avtalefesta pensjon

Etter lov 23. desember 1988 nr. 110 om statstilskott til ordningar for avtalefesta pensjon § 6 gir staten tilskott med 40 prosent av pensjonsutgiftene for pensjonistar over 64 år.

Under kap. 666, post 70 Tilskott er det for 2008 løyvd 1 075 mill. kroner til statstilskott.

AFP-pensjonane blir rekna ut som pensjonane frå folketrygda. Auken i grunnbeløpet gir såleis høgare pensjon. Nokre pensjonistar vil òg få ein høgare pensjon som følgje av auken i særtillegget.

Det blir gjort framlegg om å auke statstilskottet med 37 mill. kroner.

8 Pensjonstrygda for sjømenn

Etter lov 3. desember 1948 nr. 7 om pensjonstrygd for sjømenn § 15 gir staten visse tilskott. Staten dekkjer m.a. utgiftene til krigsfartstillegg for farts måneder mellom 1. september 1939 og 31. desember 1945. Etter § 8 er pensjonsordninga garantert av staten. Pensjonstrygda går med årlege underskott, som blir dekte av staten av di reguleringsfondet i ordninga er brukt opp.

Under kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn, post 70 Tilskott, er det for 2008 løyvd 594 mill. kroner.

Pensjonsattsane og krigsfartstillegget blir fastsette i prosent av grunnbeløpet i folketrygda, og aukar såleis automatisk når grunnbeløpet blir regulert. Både underskottet og utgiftene til krigsfartstillegg aukar når grunnbeløpet aukar. Det blir gjort framlegg om å auke tilskottet med 42 mill. kroner.

9 Ytingar til yrkesretta attføring

Løyvinga for 2008 under kap. 2653 Ytingar til yrkesretta attføring er på 10 484 mill. kroner fordelt med 9 413 mill. kroner til attføringspengar og 1 071 mill. kroner til attføringsstønader.

Attføringspengar

Med utgangspunkt i eksisterande informasjon om utbetalingane hittil i år og overslag på utbetalingane ut året, blir det rekna med eit meirbehov under attføringspengar på 323 mill. kroner grunna auken i grunnbeløpet. Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga for 2008 under kap. 2653 Ytingar til yrkesretta attføring, post 70 attføringspengar med 323 mill. kroner.

Attføringsstønader

Endringa i grunnbeløpet rører i første rekke ved stønad til hushaldsutgifter. Den sentrale faktoren i ordninga med stønad til hushaldsutgifter er ein

levekostnadsfaktor som skal dekkje andre utgifter enn buutgifter.

Levekostnadsfaktoren blir sjablongberekna på bakgrunn av veksten i konsumprisindeksen. Per 1. september 2008 blir satsane i levekostnadsfaktoren auka til:

- 5 670 kroner per måned for trygda, ein auke på 170 kroner.
- 3 400 kroner per måned for ektefelle, ein auke på 100 kroner.
- 6 200 kroner per måned for kvart barn, ein auke på 60 kroner.

Tilskottet kan maksimalt utgjere 5 670 kroner per måned, ein auke på 170 kroner. Stønadsbeløp på under 100 kroner per måned blir ikkje utbetalt.

Stønaden til hushaldsutgifter under yrkesretta attføring er under avvikling, jf. lovendinga om nye berekningsreglar som blei innført med verknad frå 1. januar 2002. På bakgrunn av dette er det få personar som no mottok stønad til hushaldsutgifter.

Budsjettverknaden på kap. 2543 Ytingar til yrkesretta attføring, post 71 attføringsstønad er rekna å vere så låg at det ikkje gjev grunnlag for å endre løyvinga for 2008.

10 Nærare om auken i minstepensjonane

Folketrygda

Pensjonane i folketrygda består av grunnpensjon og tilleggspensjon og/eller særtillegg. Særtillegget blir gitt utan omsyn til tidlegare inntekt og blir avkorta krone for krone mot tilleggspensjon. Ein pensjonist med tilleggspensjon som er lågare enn særtillegget, får difor både tilleggspensjon og eit avkorta særtillegg. Minstepensjon i folketrygda er definert som den minste pensjonsytinga for ein pensjonist som har full trygdetid og mottok ugradert yting, og består av grunnpensjon og særtillegg (eventuelt tilleggspensjon og eit avkorta særtillegg).

Særtillegget blir gitt med ein ordinær sats og ein minstesats. Per 30. april 2008 var den ordinære satsen 79,33 prosent av grunnbeløpet og minstesatsen 74 prosent av grunnbeløpet. Minstesatsen gjeld når pensjonisten har ektemake eller sambuar som har tilleggspensjon større enn den ordinære satsen. Samla tilleggspensjon og særtillegg for ektemakane skal likevel utgjere minst to gonger særtillegget etter den ordinære satsen. I andre høve blir det gitt særtillegg etter ordinær sats, det

vil seie både til einslege minstepensjonistar og til ektepar der begge er minstepensjonistar.

Framlegget om å trappe opp den ordinære særtilleggssatsen vil gi eit løft for minstepensjonistane. Samstundes vil fleire med tilleggspensjon få pensjonen sin supplert med eit avkorta særtillegg. Dei vil då falle innanfor gruppa minstepensjonistar. Etter dei berekningane som er gjort, vil ei heving av satsen til 94 prosent av grunnbeløpet frå 1. mai 2008 føre til at det blir om lag 44 000 fleire minstepensjonistar. Sjølv om enkelte kan ha ei kjensle av at dei får liten nytte av den tilleggspensjonen dei har tent opp, er det i denne samanhengen viktig å framheve at desse pensjonistane får ein auke i pensjonen i tillegg til den auken som hevinga av grunnbeløpet gir.

Supplerande pensjonar

Tenestepensjonane i offentleg sektor er såkalla bruttoordningar som blir gitt i tillegg til folketrygda. Pensjonen frå folketrygda skal alltid betalast fullt ut, medan tenestepensjonen blir redusert med eit samordningsfrådrag. Vanlegvis utgjer samordningsfrådraget $\frac{3}{4}$ grunnbeløp og heile tilleggspensjonen og/eller særtillegget når tenestepensjonen blir gitt for full tenestetid (vanlegvis 30 år).

